

### Kvamstotunnelen fv. 314 ved Dale sentrum Utbetring trafikksikringstiltak.

Utfordring med omsyn til trafikksikringstiltak i Kvammstotunnelen ved Dale sentrum fylkes veg 314 (Dale-Voss). Dette er ein «spesiell» og mykje brukt tunnel som vert nytta av gåande og syklende frå bustadområdet Skyttarplassen til Dale sentrum, der butikkar og barnehage/skule, kommunalt legesenter og andre kommunale tenestetilbod med meir ligg.

Tunnelen har ei lengd på 126 meter, og framstår med eit smalt og lågt fortau på ein sida og dårleg/svak sentrert tak belysning. Andre fakta;

- 10 stk. veglys i tak over kjørebane.
- Avstand mellom vegkantstriper (kvit stipla) om lag 3,7 m
- Fortau varierende breidd: 1,0 - 1.25 m
- Kantstein: fortaushøgde over kjørebane (kantstein + asfalt) : 8 cm. Avrunda kant mot kjørebana, ikkje avvisande kant.
- Skilta med fri høgde 3,6 m

Som gang/sykkel-tunnel kan ein forventa at det vert utført tiltak som vernar om mjuke trafikkantar.

Tiltak kan vera: ny og betre belysning og opparbeiding av eit betre og meir tenleg fortau og sikring med høgare (avvisande) fortauskant. Kvitmaling av tunnelveggar er også eit vanleg brukt tiltak for å betre lysforhold.



I samråd med Statens vegvesen er det vurdert tiltak. Å skifte lysanlegget er svært dyrt, og i første omgang prøver me tiltak utan å skifte lysanlegg. Det er 12 meter mellom armatura, og det burde i utgangspunktet vere tilstrekkeleg med tiltak som betrar lysforholda med eksisterande anlegg. Der er utarbeidd følgjande opprustingsbudsjett;

Tiltak	Pris/Kostnad
Oppgradering/nytt fortau gjennom tunnel, 3000,-pr. meter	378.000,-
Kvitkalking, 1.000,- pr. meter	126.000,-
Uføresett + Div. byggherrekostnader for mindre utbetringstiltak	70.000,-
Sum eks mva	574.000,-
<b>Sum inkl mva</b>	<b>718.000,-</b>